



VOLDA KOMMUNE
Avdeling for dokumentasjon og service

Til utviklingsavdelinga for vidare arbeid,

Regine Solberg Aklestad

Vår referanse
19/10011 21/16387

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
16.08.2021

**Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune - Planid 2016005 -
Slutthandsaming**

Kommunestyret har i møte 12.08.2021, sak 81/21, fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, jf. pbl. §§11-15 og 11-16. Kommunedelplanen gis med dette rettsverknad, med unntak av område og føresegn som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde).

Med heimel i pbl. § 11-16 vert dei delane av planen som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde) sendt til departementet for endeleg avgjersle.

Med helsing

Sonja Håvik
førstekonsulent

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Regine Solberg Aklestad



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
131/21	Formannskapet	10.08.2021
81/21	Kommunestyret	12.08.2021

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune - Planid 2016005 - Slutthandsaming

Samandrag:

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune omfattar planomtale, konsekvensutgreiing, ROS-analyse, plankart, føresegner og temakart.

Planarbeidet hadde ved oppstart hausten 2016 status som kommuneplanen sin arealdel for Volda kommune. Ny plan skulle erstatte kommuneplanens arealdel frå 1990. Som resultat av kommunereformarbeidet vart kommunane Volda og Hornindal frå 01.01.20 slått saman til «nye» Volda kommune. Planarbeidet vart vidareført, men planen endra status til kommunedelplan for tidlegare Volda kommune.

Planen har vore lagt ut til høyring og offentleg ettersyn to gongar. statsforvaltaren, NVE og fylkeskommunen har alle hatt motsegner til ulike punkt/delområde i planen. Dei fleste konfliktpunkta har vore avklart undervegs i den vidare planprosessen. I etterkant av 2. off. høyringsrunde var det knytt uavklarte motsegnspunkt frå statsforvaltaren til sju punkt/delområde. 23.06.21 var kommunen i formell mekling med statsforvaltaren. Etter dette står ein igjen med fem uløyste motsegn.

Kommunestyret skal ta stilling til om kommunedelplanen skal vedtakast etter plan- og bygningsloven (pbl.) §11-15. Kommunestyret skal også ta stilling til om uløyste motsegn skal takast til følgje, eller om dei skal sendast vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjersle.

Kommunestyret 12.08.2021:

Behandling:

Nytt forslag til vedtak (SV, MDG, R), foreslått av Øyvind Festø, Miljøpartiet De Grønne
Nytt forslag til vedtak:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, jf. pbl. §§11-15 og 11-16. Kommunedelplanen gis med dette rettsverknad, med

unntak av område og føresegn som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde). Kommunestyret kjem i møte motsegna til Statsforvaltaren for område BKB24 og endrar ikkje formål for dette området.

Med heimel i pbl. § 11-16 vert dei delane av planen som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde) sendt til departementet for endeleg avgjersle

Kommuneplanleggar Regine Solberg Aklestad orienterte.

Røysting (31 røysteføre):

Framlegget frå SV, MDG og R fekk 7 røyster (R, SV, MDG og 1 SP (Rebecca Riise Bjerknes) og fall, 24 røysta mot.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

KST- 81/21 Vedtak:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, jf. pbl. §§11-15 og 11-16. Kommunedelplanen gis med dette rettsverknad, med unntak av område og føresegn som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde).

Med heimel i pbl. § 11-16 vert dei delane av planen som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde) sendt til departementet for endeleg avgjersle.

Formannskapet 10.08.2021:

Behandling:

Kommuneplanleggar Regine Solberg Aklestad orienterte.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK- 131/21 Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, jf. pbl. §§11-15 og 11-16. Kommunedelplanen gis med dette rettsverknad, med unntak av område og føresegn som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i

Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde).

Med heimel i pbl. § 11-16 vert dei delane av planen som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde) sendt til departementet for endeleg avgjersle.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune, jf. pbl. §§11-15 og 11-16. Kommunedelplanen gis med dette rettsverknad, med unntak av område og føresegn som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde).

Med heimel i pbl. § 11-16 vert dei delane av planen som omfattast av motsegn frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (B234, BKB9, BKB11, BKB24 og føresegn (avstandskrav) knytt til leike- og aktivitetsområde) sendt til departementet for endeleg avgjersle.

Vedlegg:

Vedlegg 1_Planomtale slutthandsaming 07 07 2021
Vedlegg 2_Føresegner_slutthandsaming 07 07 21
Vedlegg 3_Plankart_arealformål slutthandsaming
Vedlegg 5_Plankart omsynssoner
Vedlegg 6_Bandleggings, gjennomførings og føresegnssoner
Vedlegg 7_Konsekvensutgreiing 30 06 2021
Vedlegg 8_ROS-analyse 20201013
Vedlegg 9_ROS vurdering av utbyggingsområde 20201030
Vedlegg 10_ROS_Temakart_Naturrisiko
Vedlegg 11_ROS_Temakart_Sårbare objekt del 1
Vedlegg 12_ROS_Temakart_Sårbare objekt del 2
Vedlegg 13_ROS_Temakart_Verksemdsrisiko
Vedlegg 14_Temakart_Grønstruktur og Friluftsliv
Vedlegg 15_Temakart_Landbruk
Vedlegg 16_Temakart_Fritidsbusetnad
Vedlegg 17_Temakart Infrastruktur
Vedlegg 18_Motsegn og merknadsskjema_handsama av FSK 20 04 21
Vedlegg 19_Motsegnsskjema 07 07 21
Vedlegg 20_Endringslogg føresegner og planomtale_07 07 2021
Vedlegg 4 - Sikrings-, støy-, og faresoner - Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune

Saksopplysningar:

Siste samla arealdel for tidlegare Volda kommune vart godkjent av kommunestyret 31.05.1990. Det er seinare godkjent fleire kommunedelplanar for mindre område. Arealdelen frå 1990 og dei fleste kommunedelplanane var av eldre karakter og det var eit stort behov for å oppdatere plandokumenta i samsvar med nyare lovverk, få ein ny gjennomgang av arealbruken og samle kommunedelplanane i ein felles arealdel for heile kommunen. I Volda kommune sin planstrategi 2012–2015 vart det vedteke at kommunen skulle gjennomføre ei fullstendig revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Volda kommune sin samfunnsdel (2016–2028) vart vedteken av Volda kommunestyre 26.05.16. Kommuneplanen sin samfunnsdel gir retningar og føringar for kommunen sin samla utvikling, og inneheld føringar for utarbeiding av arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt styringsverktøy for bruk og vern av areal, og skal vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Arealdelen skal angi hovudtrekk i arealdisponeringa og rammar og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, og kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala.

Formannskapet varsla oppstart av planarbeidet 04.10.16. Ved oppstarten hadde planen status som kommuneplanen sin arealdel. Etter kommunesamanslåinga 01.01.20 fekk planen endra status til kommunedelplan for tidlegare Volda kommune.

Planprogrammet vart vedteke av kommunestyret 15.12.16. Planprogrammet fastsette hovudmål og arealstrategiar, som er følgt opp i det vidare planarbeidet. Planprogrammet inneheld også behov for utgreiingar, kartleggingar mv. Som del av kommuneplanarbeidet har ein utarbeidd arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument for ulike tema (t.d. kjerneområde landbruk, bustadbehovsanalyse, senterstruktur, barnetrakk, kartlegging av friluftslivsområde,

kartlegging av leikeplassar, kommunedelplan for kulturminne mv.). Fleire av desse dokumenta har vore på høyring, og ein har nytta ulike medverknadsmetodar for å sikre brei involvering. Utgreiingane synleggjer status og behov for ulike tema, og fleire har vore nytta aktivt i konsekvensutgreiinga. Dokumenta er tilgjengelege på [kommunen si heimeside](#).

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune omfattar planomtale, konsekvensutgreiing, ROS-analyse, plankart, føresegner og temakart. Kommunedelplanen fastsetter framtidig arealbruk, og er ved kommunestyret sitt vedtak rettsleg bindande for nye tiltak eller utviding av tiltak som nemnt i pbl. § 1-6. Planen vert gjeldande frå kommunestyret sitt vedtak, med unntak av område og føresegn der Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har fremma motsegn.

Planomtale (vedlegg 1)

Planomtalen inneheld formål med planen, hovudinnhald og verknader, samt rammer og føringar for planarbeidet, jf. pbl. § 4-2.

- Kapittel 2 tek for seg bakgrunn for planen, føringar og prosess.
- Kapittel 3 inneheld drøftingar og vurderingar knytt til sju hovudtema (sentrumsutvikling og senterstruktur, busetting, offentlege og allmenne formål, fritidsbusetnad, setrar og naust, landbruk og næringsliv, transport og kommunikasjon, grønstruktur, friluftsliv og kultur). Kapitlet inneheld også utgreiingar av kva grep ein har gjort i arealdelen for å støtte opp om mål og strategiar i planprogrammet og samfunnsdelen.
- Kapittel 4 ROS og konsekvensutgreiing tek for seg metodane som er nytta i ROS og KU. ROS-analyse og konsekvensutgreiinga i sin heilskap ligg som vedlegg.
- Kapittel 5 gir ei oversikt over forslag til framtidig arealbruk, og kva føresegner som er knytt til arealbruken. Kapitlet er delt inn etter arealformål og omsynssoner, og inneheld tabellar som viser ny og endra arealbruk.
- Kapittel 6 synleggjer samla verknader av planen, og område der utbygging kan ha stor negativ konsekvens for enkelttema. Kapittel 6.2 inneheld ei oppsummering av dei sju hovudtemaene, med arealstrategiane, kartlagt behov og kva tiltak som er gjort i planen.

Planomtalen er oppdatert etter tidlegare vedtak i formannskapet knytt til motsegn og merknader, og etter dialogmøte og mekling med høyringsinstansar. Endringslogg for føresegnene er lagt ved som vedlegg 20.

ROS-analyse (vedlegg 8–13)

Ved utarbeiding av planar for utbygging skal det gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. pbl. § 4-3. ROS-analysen er ein oversiktsanalyse og ei grov kartlegging av mulege faremoment for å unngå større skadar på liv, helse, miljø og materielle verdiar. Område med fare, risiko eller sårbarheit er merka i planen som omsynssone, med tilhøyrande føresegn, jf. pbl. § 11-8. Omsyn og restriksjoner som er fastsett gjennom omsynssoner i kommunedelplanen, skal leggest til grunn for utarbeiding av reguleringsplanar, jf. § 12-6.

Alle innspel til planen som gjeld ny eller endra arealbruk er vurdert i ROS-analysen, og ligg i sin heilskap som vedlegg 9. Forslag til nye utbyggingsområde som har stor risiko og sårbarheit (innanfor raude felt i risikomatrissa) er i stor grad ikkje imøtekome. ROS-analysen er også implementert i konsekvensutgreiinga.

Konsekvensutgreiing (vedlegg 7)

Alle nye område for utbygging, og område der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde skal konsekvensutgreiast, jf. pbl. § 4-2. Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing med vurdering og beskrivelse av planen sine verknader for miljø og samfunn. I konsekvensutgreiinga har ein vurdert kva verknader innspel har for landbruk, kulturminne, naturmangfald, teknisk infrastruktur, samfunnstryggleik og andre tema. Ein har også vurdert forholdet til arealstrategiane i planprogrammet.

Formannskapet har undervegs i prosessen vurdert kva merknader som har vore aktuelle å ta med til ROS-analyse og konsekvensutgreiing. Merknader som ein har ynskja å ta med er konsekvensutgreid, jf. tidlegare vedtak i formannskapet. I alt 206 område er konsekvensutgreid.

Plankart (vedlegg 3–6)

Plankart med arealformål og omsynssoner fastsetter kva arealbruk som er tillate i planområdet og rammer og føresetnader for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala, jf. pbl. § 11-5. Plankartet er etter kommunestyret sitt vedtak juridisk bindande, og tiltak etter pbl. § 1-6 må ikkje vere i strid med planens arealformål eller føresegner.

Plankart med arealformål og omsynssoner er oppdatert etter tidlegare vedtak i formannskapet knytt til motsegn og merknader.

Plankarta er vedlagt, og er delt opp i arealformål og omsynssoner. Vedlagte filer kan vere vanskelege å lese, da dette er store filer med mykje informasjon. Karta er tilpassa kommunen si innsynsløysing, og vert tilgjengelege på www.kommunekart.com under kartlaget «Kommuneplanrullering». Her kan ein zoome seg inn på bestemte område, og slå av og på kartlag (arealformål, omsynssoner mv.).

Føresegner (vedlegg 2)

I kommuneplanens arealdel fastsetter kommunestyret kva arealbruk som er tillate, og kva restriksjoner som gjeld i planområdet gjennom arealformål, omsynssoner og generelle og formålstilknytte føresegner og retningslinjer, jf. pbl § 11-6. Det er utarbeidd generelle føresegner, og føresegner knytt til arealformål og omsynssoner, jf. pbl. §§11-7 til 11-11. Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk og vert etter kommunestyret sitt vedtak lagt til grunn ved all planlegging og sakshandsaming av enkeltsaker innanfor planområdet. Det er ikkje høve til å ta i bruk, dele og/eller bebygge sin eigedom på anna måte enn det som er fastsett på plankartet eller i føresegnene, jf. pbl. § 1-6.

Retningslinjer er ikkje juridisk bindande. Retningslinjene utfyllar føresegnene og angir viktige omsyn og vurderingstema for vidare planlegging, forvaltning og

sakshandsaming.

Føresegner og retningslinjer er oppdatert etter tidlegare vedtak i formannskapet knytt til motsegn og merknader, og etter dialogmøte og mekling med høyringsinstansar. Endringslogg for føresegnene er lagt ved som vedlegg 20.

Oppheving av kommunen sine parkeringsvedtekter

Kommunen sine parkeringsvedtekter (frå 2005) basert på plan- og bygningslova frå 1985 vert erstatta av føresegner i planen. Føresegner knytt til parkering står i føresegsndokumentet kap. 2.12.

Temakart (vedlegg 14–17)

Temakarta er ikkje juridisk bindande, men synleggjer ulike tema. Det er utarbeidd fire temakart:

- Grønstruktur og friluftsliv
- Landbruk
- Fritidsbusetnad, setrar og naust
- Infrastruktur

Prosess og involvering

I tillegg til høyring og offentlig ettersyn (sjå under) har det vore gjennomført ei rekkje temamøter med ulike aktørar undervegs i prosessen. Det har også vore tre møter i regionalt planforum, der statlege og regionale organer har delteke. Som del av planarbeidet er det utarbeidd ulike arbeids-, kartleggings- og utgreiingsdokument for ulike tema (t.d. bustadbehov, senterstruktur, bygningsmiljø, barnetrakk, friluftslivsområde, kulturminne, kjerneområde landbruk mv.). Det har vore nytta ulike medverknadsmetodar i samband med dei ulike dokumenta, for å sikre brei deltaking i prosessen. Ein har lagt stor vekt på politisk involvering, og kommunedelplanen har jamleg vore tema i formannskapet sidan oppstart. Meir informasjon om prosessen står i planomtalen kap. 2.4.

Høyring og offentlig ettersyn

Planprogrammet til arealdelen vart sendt på høyring og offentlig ettersyn etter vedtak i formannskapet 04.10.16, og vedteke av kommunestyret 15.12.16.

I innspelsfasen kom det inn 307 innspel til planen. Alle nye område for utbygging, og område der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde skal konsekvensutgreiast. Formannskapet handsama liste over innkomne innspel i møte 05.06.18, og gjorde der vedtak om kva innspel administrasjonen skulle konsekvensutgreie og ikkje.

Fyrste planutkast vart sendt på høyring og offentlig ettersyn etter vedtak i formannskapet 11.06.19, sak 73/19. I fyrste høyringsrunde varsla statsforvaltaren, Møre og Romsdal fylkeskommune og NVE motsegn til planen. I alt kom det inn 36 motsegn og 170 merknader til planen. Motsegn og merknader frå 1. høyringsrunde vart handsama av formannskapet 04.05.20 og 10.11.20. Der tok formannskapet stilling til kva motsegn og merknader kommunen ville imøtekome og ikkje. 19.05.20 handsama formannskapet liste over innkomne merknader, og gjorde der vedtak om kva nye område administrasjonen skulle konsekvensutgreie og ikkje.

Andre planutkast vart sendt på høyring og offentlig ettersyn etter vedtak i

formannskapet 08.12.20, sak 251/20. I andre høyringsrunde varsla statsforvaltaren og Møre og Romsdal fylkeskommune motsegn til planen. I alt kom det inn 19 motsegn og 86 merknader til planen. Motsegn og merknader frå 2. høyringsrunde vart handsama av formannskapet 20.04.21, sak 49/21. Der tok formannskapet stilling til kva motsegn og merknader kommunen ville imøtekomme og ikkje (vedlegg 18). Plandokumenta er oppdatert jf. vedtak.

I etterkant av formannskapet si handsaming har ein fått to spørsmål/brev, knytt til handsaming av merknadene. Det eine er knytt til massetak i Skinvik og Djupvik. Formannskapet gjorde 20.04.21 vedtak om at merknad knytt til utvidingsareal til område avsett til råstoffutvinning i Skinnvika ikkje skulle imøtekomast. Ved tiltak eller drift ut over gjeldande løyve er det uansett krav om reguleringsplan. Dersom ein gjennom arbeid med reguleringsplan og driftsplan finn at det er nødvending med utviding av avsett areal, vil ein kunne vurdere mindre utviding av arealet. Administrasjonen ynskjer ei vidare dialog om drift av masseuttaket, men vurderer at det ikkje er kome nye opplysningar som tilseier at merknaden må handsamast på nytt no. E-postkorrespondanse tilknytt henvendelsen er tilgjengeleg i kommunen si postliste, [dokumentID 21/9129](#) og [dokumentID 21/10193](#).

Det andre spørsmålet/brevet er frå Norgeshus Din Bolig AS knytt til område BKB34. I motsegn- og merknadsskjema handsama av formannskapet 20.04.21 vurderte administrasjonen at ein i utgangspunktet ikkje ynskjer utbygging nærare elva, og at ein ville halde fast på grøntarealet. Det vart også opplyst at dersom formålgrensa skulle justerast, måtte planen på ny høyring. Norgeshus Din Bustad AS peika i etterkant på at området hadde vore på høyring tidlegare, i samband med kommunedelplan for E39 Volda-Furene, og stilte spørsmål ved om det då var behov for ny høyring for å kunne vurdere arealet på nytt. Arealet var med i 1. høyringsframlegg til kdp E39 Volda-Furene (PLANID 2010013) (arealet hadde i dette høyringsframlegget namnet AKBA_2). Etter motsegn- og merknadshandsaming og politisk prosess den gong, vart arealet redusert og ikkje med i vedteke plan. Det at området har vore på høyring i ein annan planprosess (kdp E39 Volda-Furene) kan ikkje gjelde som argument for å ta arealet inn utan høyring i denne prosessen. Dette er også bekrefta av Møre og Romsdal fylkeskommune. Administrasjonen held fast på tidlegare konklusjon, og vurderer at det ikkje er kome nye opplysningar som tilseier at merknaden må handsamast på nytt. E-postkorrespondanse tilknytt henvendelsen er tilgjengeleg i kommunen si postliste, [dokumentID 21/11933](#) og [dokumentID 21/14430](#).

Handsaming av motsegner og formell mekling

Etter 1. høyring varsla Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune og NVE til saman 36 motsegn til planen. 25.06.20 vart det gjennomført eit dialogmøte med høyringsinstansane, der ein gjekk gjennom motsegna.

Etter 2. høyringsrunde varsla Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune til saman 19 motsegn til planen. 02.06.21 hadde administrasjonen eit administrativt arbeidsmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune. I etterkant av det trakk fylkeskommunen alle sine 12 motsegn. Brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune er tilgjengeleg i kommunen si postliste,

[dokumentID 21/12166](#).

Jf. pbl. § 5-6 og vedtak i formannskapet 20.04.21 ba kommunen om formell mekling med statsforvaltaren om uløyste motsegnspunkt. 23.06.21 vart det gjennomført formell mekling på fylkeshuset i Molde. Frå Volda kommune var ordførar, varaordførar, stedfortreder for kommunedirektøren og kommuneplanleggar med på meklinga. Fem personar frå statsforvaltaren var til stades, inkludert Statsforvaltar Rigmor Brøste, som var møteleiar.

Fylgjande sju motsegnspunkt var tema i meklinga:

- B234 - Egset - (KU B57) – Bustadbebyggelse
- B105 - Ytrestøyl - (KU LSB1 og KU LSB3) – Bustadbebyggelse
- B242 - Lindevegen (KU B57) – Bustadbebyggelse
- BKB9 - Furene (KU BN8, KU BN15, KU BN2) – Kombinert formål
- BKB11 - Furene (KU BN8, KU BN15, KU BN2) – Kombinert formål
- BKB24 - Furene/Morkabygda (KU BOP1) – Kombinert formål
- Krav til nær- og kvartalsleikeplassar

I den formelle meklinga trakk statsforvalteren motsegnet til B242 – Lindevegen. I tillegg gjekk statsforvaltaren med på å trekkje motsegnet til B105 – Ytrestøyl, dersom arealet vart redusert med om lag 50 %. Dei andre fem motsegnspunkta lukkast ein ikkje å bli einige om, og det vert opp til kommunestyret å avgjere om ein skal ta motsegna til følgje eller sende planen vidare til departementet for endeleg avgjerd. Referat frå meklingsmøtet er tilgjengeleg i kommunen si postliste, [dokumentID 21/14278](#).

Samandrag motsegnspunkt (vedlegg 19).

Under fylgjer ei oppsummering av dei fem uløyste motsegnspunkta. Motsegnsskjema med kartutsnitt og utfyllande informasjon er vedlagt.

B234 – Egset – Bustadbebyggelse

Motsegn frå statsforvaltaren er knytt til landbruk og støy.

Tiltaket er i konsekvensutgreinga (KU B57) vurdert til å ha stor negativ konsekvens for landbruk. Kommunen viser likevel til at det er eit stort behov for bustadar i Morkabygda, jf. bustadbehovsanalyse. Tiltaket er ei oppfylging av overordna målsettingar i samfunnsdelen og ynskje om utvikling. Sjølv om arealet er i kjerneområde landbruk er det tydeleg avgrensa og inneklemt av hovudvegar og bustadområde. Det vil vere krav om støyskjerming. Kommunen held fast på arealbruken i 3. planforslag som vert fremma for slutthandsaming.

BKB9 – Furene – Kombinert formål og BKB11 – Furene – Kombinert formål

Motsegna frå statsforvaltaren til BKB9 og BKB11 er knytt til landbruk.

BKB11 er i konsekvensutgreinga (KU BN2) vurdert til å ha stor negativ konsekvens for landbruk. Kommunen viser likevel til at Furene, saman med

Hovdebygda, i dag er eit regionalt viktig handels- og næringsområde. Furene næringsområde er snart utbygd, og det er viktig for kommunen å sette av meir areal for at området skal kunne vidareutviklast. Ein har også elles i planområdet lite tilgjengeleg næringsareal. Tiltaket er ei oppfylging av overordna målsettingar i samfunnsdelen. Arealet ligg langs hovudvegnett, i tråd med arealstrategi. Kommunen held difor fast på arealbruken i 3. planforslag som vert fremma for slutthandsaming.

BKB24 – Furene – Kombinert formål

Motsegn frå statsforvaltaren er knytt til natur-/miljøinteresser, friluftsliv og barn og unge. Området er m.a. viktig for vandrane hjortevilt.

Tiltaket er i konsekvensutgreiinga vurdert til å ha stor negativ konsekvens for naturmangfald og naturmiljø, landbruk og jordressursar og samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (KU BOP1 og KU BOP2). Kommunen viser likevel også her til overordna målsettingar i samfunnsdelen og ynskje om å vidareutvikle Furene som eit regionalt viktig handels- og næringsområde. Det er eit stort behov for meir areal til næringsutvikling i kommunen. Arealet ligg langs hovudvegnett, i tråd med arealstrategi. Kommunen held difor fast på arealbruken i 3. planforslag som vert fremma for slutthandsaming.

Krav til nær- og kvartalsleikeplassar

Motsegn frå statsforvaltaren er knytt til avstandskrav til nær- og kvartalsleikeplassar.

Volda kommune ynskjer å ha strenge avstandskrav til nær- og kvartalsleikeplassar. Kommunen har i planarbeidet jobba grundig med temaet, m.a. for å få oversikt over dagens tilstand og behov for tiltak. Kommunen har vidare utarbeidd lokalt tilpassa føresegner, jf. Rikspolitiske retningslinjer for born og unge (kap. 4c). Kommunen meiner statsforvaltaren sine avstandskrav er svært vanskeleg å følgje opp i praksis. Kommunen meiner vidare at kommunen sine føresegner sikrar gode leike- og aktivitetsområde for barn og unge, at kommunen sine avstandskrav er betre tilpassa lokale tilhøve og at dei er meir realistiske å kunne følgje opp i praksis. Kommunen held difor fast på avstandskrava, og ynskjer ikkje å imøtekomme motsegn.

Vedtak av planen og eventuell oversending av motsegn til Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Det er kommunestyret sjølv som vedtek kommunedelplanen. Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommunedelplanen som fører til bruk av areal som ikkje har vore gjenstand for høyring under planhandsaminga, må dei delane av planen som ein ynskjer å endre, takast opp til ny handsaming, jf. pbl. § 11-15.

Dersom kommunen tar omsyn til og imøtekjem dei resterande fem motsegnspunkta frå statsforvaltaren, vil kommunen kunne eigengodkjenne planen.

Dersom kommunen *ikkje* tek omsyn til dei resterande fem motsegnspunkta frå statsforvaltaren, kan kommunestyret likevel vedta resten av kommunedelplanen

med rettsleg bindande verknad, jf. rundskriv frå KMD [nr. H-2/14 Retningslinjer for innsigelse i plansaker etter plan- og bygningsloven](#). Dei områda eller delane det er fremma motsegn til, vert da skilt ut for vidare handsaming. Uavklarte motsegnspunkt står da ved lag, og saka må handsamast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for endeleg avgjerd. Etter vedtak i kommunestyret må kommunen sende planen med oversendingsbrev til statsforvaltaren. I oversendingsbrevet må kommunen gjere reie for konflikten og gi si grunngjeving for ikkje å ta omsyn til motsegna. Statsforvaltaren sender så saka vidare til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, saman med sine vurderingar.

Vurdering

Etter godkjenning av planprogrammet 15.12.16 har det vore jobba med utarbeiding av planforslaget i samsvar med bestillinga i planprogrammet. Arealstrategiane frå planprogrammet ligg til grunn for planframlegget.

Planomtalen synleggjer kva grep som er gjort. Samla areal for nye/framtidige utbyggingsområde er på 1430,79 daa. Kap. 5 synleggjer korleis dette er fordelt på ulike arealformål. Kap. 6.2 viser ei oppsummering for kvart hovudtema, inkludert arealstrategiane, kartlagte behov og tiltak i planen. Utdrag:

- Sentrumsutvikling og senterstruktur: Lagt til rette for fortetting og transformasjon i indre sentrumssone, og lagt inn fleire større areal som sentrumsformål, for å sikre fleksibel bruk. Lagt inn areal (m.a. næringsareal) for at funksjonar i lokalsentra og på bygdene har moglegheit for utvikling. Lagt inn omsynssoner og føresegner for bevaring av viktig bygnings- og kulturmiljø.
- Busetting: Gjort grep for å kunne legge til rette for opp mot 400 leiligheiter i indre sentrumssone og 650 bustader i midtre sentrumssone. Lagt inn areal for auka busetting i Morkabygda, og vidareført areal til busetting på bygdene. Areal avsett til spreidde bustader i LNF er vurdert på nytt ut i frå oppdatert kunnskap om m.a. naturfare og kjerneområde landbruk.
- Offentlege og allmenne formål: Lagt inn utvidelsesområde til Bratteberg skule, Volda omsorgssenter, rådhuset/samfunnshuset og gravplassar. Områda rundt museer, forsamlingslokale og grendahus er oppdatert etter dagens bruk. Det er sett av areal til oppdatering av VA-anlegget ulike stader.
- Fritidsbustad, setrar og naust: Lagt inn nye areal til fritidsbustader og naust. Det er utarbeidd føresegner og retningslinjer til hytter og naust. Fem støyler har fått omsynssone med tilhøyrande føresegner.
- Landbruk og næringsliv: Det er lagt vekt på å verne om kjerneområde landbruk. Det er lagt til rette for at funksjonar i lokalsentra og på bygdene har tilstrekkeleg areal og moglegheit for vidare utvikling. Det er lagt til rette for at Furene skal kunne vidareutviklast som eit regionalt viktig handels- og næringsområde. Område til havbruksnæringa er oppdatert etter dagens bruk og gitt gode moglegheiter for utvikling. Det er teke inn sjønært næringsareal i Morkabygda. Det er teke inn nye og noverande område for råstoffutvinning, inkludert noko utvidingsareal. Det er teke inn nokre få areal til utvikling av reiselivsnæringa.
- Transport og kommunikasjon: Det er lagt inn to alternative krysningspunkt for bru over Voldsfjorden og Dalsfjorden. Det er sett inn nye føresegner knytt til parkering (bil, elbil og sykkel). Området ved dagens busstasjon er sett av til sentrumsformål.
- Grønstruktur, friluftsliv og kultur: Det er teke inn areal til parkeringsplassar tilknytt tur- og friluftsområde ulike stader. Det er lagt vekt på å sikre grønstruktur frå fjord

til fjell. Det er sett av nye areal til kvartalsleikeplassar. Det er sett inn føresegner knytt til byggegrenser langs sjø og vassdrag. Det er sett inn omsynssoner og føresegner knytt til landbruk, landskap, friluftsliv, grønstruktur, naturmiljø og kulturmiljø.

Kap. 6 belyser samla verknader av planen, og område der utbygging kan ha stor negativ konsekvens for enkelttema. 83,33 daa dyrka og dyrkbar jord vert omdisponert som fylgje av framtidig arealbruk som planen legg til rette for. Av dette ligg 48,3 daa innanfor kjerneområde landbruk. Planen har også negative konsekvensar for ma. naturmangfald og naturmiljø, strandsone, trafikk og andre utgreiingstema. Kapittelet synleggjer også kva avbøtande tiltak ein har gjort for å redusere den negative konsekvensen.

Samla vurdering og konklusjon

Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune omfattar planomtale, konsekvensutgreiing, ROS-analyse, plankart, føresegner og temakart. Dokumenta er oppdatert jf. tidlegare vedtak i formannskapet og dialogmøte og formell mekling med høyringsinstansar. Dokumenta er lagt ved saka, med unntak av vedlegg 4: Sikrings-, støy- og faresoner. Desse vil bli ettersendt.

Etter dialogmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune og formell mekling med statsforvaltaren, står ein framleis igjen med fem uløyste motsegnspunkt:

- BKB9 – Kombinerte formål, Furene
- BKB11 – Kombinerte formål, Furene
- BKB24 – Kombinerte formål, Furene
- B234 – Bustadformål, Morkabygda
- Føresegner knytt til leike- og aktivitetsområde, avstandskrav

Etter administrasjonen si vurdering er det viktig å sikre areal til vidareutvikling av Furene som eit regionalt handels- og næringsområde. Det er også viktig for kommunen å sikre areal til bustader og vidare befolkingsvekst i Morkabygda. Kommunen ønsker å ha avstandskrav til nær- og kvartalsleikeplassar, men er fagleg ueinige med statsforvaltaren om kva krav som bør gjelde. Etter ei samla vurdering ynskjer administrasjonen å sende alle dei fem uløyste motsegnspunkta vidare til handsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kommunestyret skal ta stilling til om kommunedelplanen skal vedtakast etter plan- og bygningsloven §§ 5-2 og 11-14. Kommunestyret skal også ta stilling til om dei fem uløyste motsegna skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Folkehelse er skildra i planforslaget.

Miljøkonsekvensar: Er skildra i planforslaget.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Er skildra i planforslaget.

Utskrift av endeleg vedtak:

Rune Sjurgard
kommunedirektør